



Kommunane i Hordaland

Dato: 09.08.2018
Vår ref.: 2018/13018-3
Saksbehandlar: marmorb
Dykkar ref.: «REF»

Informasjon til kommunane om mobbeombodet – nytt tilbod

Mobbeombodet i Hordaland og konstituert fylkesrådmann ønskjer din kommune velkommen til samarbeid om å gi enda fleire barn og ungdom eit godt og mobbefritt lærings- og oppvekstmiljø. Stortinget vedtok i mai 2017 at alle fylker skal ha mobbeombod med målgruppe barnehage og grunnskule. Mobbeombodet i Hordaland skal bidra til at barn og unge får ivaretatt sine rettar til eit godt barnehage- og skulemiljø.

Mobbeombodet i Hordaland heiter Mari-Kristine Morberg. Ho er eit lågterskeltilbod for barn, elevar og føresette. Mobbeombodet har teieplikt og utfører arbeidet sitt på fritt og sjølvstendige grunnlag. Alle mobbeomboda i Noreg er ein del at eit nasjonalt nettverk for fagleg utvikling og erfaringsdeling på tvers av fylka. . Les meir om mobbeombodet i Hordaland på www.hordaland.no/mobbeombod. Her finn du også mobbeombodet sitt mandat. Mobbeombodet er på Facebook (www.facebook.com/mobbeombodet) og på Snapchat (mobbeombod).

Målgruppe og arbeidsoppgåver

Målgruppa til mobbeombodet er barn og unge i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring i Hordaland, samt deira føresette. Barnekonvensjonen, Barnehagelova og Opplæringslova er utgangspunkt for mobbeombodet sitt arbeid. Oppgåvene til mobbeombodet inneberer:

- Støtte og rettleie barn, elevar og føresette i saker om psykososialt miljø
- Jobbe førebyggjande med informasjon og opplæring til barn, elevar og føresette
- Skape dialog og bidra til god tverrfaglig oppfølging, også etter at saker er handtert
- Bidra til dokumentasjon og erfaringsdeling i fylket og nasjonalt
- Støtte elev- og lærlingombodet i arbeid med psykososialt miljø i vidaregåande opplæring
- Samarbeide med barn og unge, samt aktørar som arbeider med barn og ungdom på ulike nivå (til dømes: elevråd, ungdomsråd og ungdommens kommunestyre, Elevorganisasjonen, kommunar, barnehage- og skuleeigarar, PPT, skulehelsetenesta, helseaktørar, politiet, frivillige organisasjonar, høgskular og universitet).
- Vere ein informasjonsressurs og rettleiar for tilsette i barnehage og skule

Hjelp til å spreie informasjon

Vi ber om at kommunen informerer aktuelle aktørar (barnehagar, helsestasjonar og skulehelsetenesta, PPT, BUP, kommunale foreldreutval, folkehelsekoordinatorar, osv.). De kan til dømes nytta vedlagt brev, plakat eller informasjon for skjerm.

I tillegg ber vi om at de legg ut informasjon på kommunen sin nettstad, på Facebook og i andre relevante informasjonskanalar. Sjå vedlagt døme på nettsak og bilete.

Samarbeid

Mobbeombodet ønsker eit tett og godt samarbeid med alle kommunane i Hordaland. Eg vil gjerne komme på besøk til din kommune. Eg kan bidra med fagkunnskap inn i planarbeid eller foredrag/workshop på store felles planleggingsdagar, rektorsamlingar, fagsamlingar og konferansar.

Eg er interessert i få kunnskap om korleis de jobbar i din kommune og kva erfaringar de har. Eg vil gjerne vite om de har tverrfaglege team som jobbar inn mot barnehagane/skulane i komplekse (mobbe)saker og korleis de elles organiserer dette arbeidet.

Eg ber om å få kontaktinformasjon til ein person i kommunen som eg kan nytte som min kontaktperson. Det er flott om de kan sende opplysningane, samt eventuelle innspel og spørsmål, på e-post til mobbeombod@hfk.no snarast mogleg.

Vennleg helsing

Mari-Kristine Morberg
Mobbeombod i Hordaland

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Kst. fylkesrådmann i Hordaland

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.